

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.03.2017

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 6:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som naturleg at ein og ser på ei mellomløysing mellom desse modellane.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 6 med Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 6.

### Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser behovet for etablering av eit verdsarvsenter på Bryggen i samsvar med nasjonal politikk, autorisasjon og regional politikk gjennom «Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025».
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at ein må unngå ein situasjon der vernet av dei framståande universelle verdiane knytt til verdsarvstaden Bryggen vert sett i fare på grunn av slitasje frå publikum. Utvalet meiner at ei etablering av eit verdsarvsenter kan bidra positivt til ein meir berekraftig forvaltning av verdsarven på Bryggen.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek rapporten om *Verdensarvsenter for Bryggen i Bergen* til etterretning, og ber om at Museum Vest, Bymuseet i Bergen og Stiftelsen Bryggen utarbeider søknad for hovudprosjekt.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at oversikt over eksisterande formidling av verdsarvstaden Bryggen vert utarbeidd av musea som eit vedlegg til forprosjektrapporten. Eit hovudprosjekt må gå meir inn på korleis dette kan utviklast vidare i samanheng med verdsarvsenter.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling støttar forslag om ein driftsmodell som inneber at styringsansvar ligg hos Museum Vest, Bymuseet i Bergen og Stiftelsen Bryggen.
6. Hovudprosjektet må sjå nærmere på både den såkalla minimumsmodellen og den ynskte driftsmodellen. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser det som naturleg at ein og ser på ei mellomløysing mellom desse modellane.